

Emnerapport

Emnekode og evt. tittel tema: HIM103, Politisk islam

Semester: 2013 Haust

Emneansvarlig: Knut S. Vikør

Andre lærere på emnet: Anders Bjørkelo

Undervisningsopplegget:

Undervisningen besto primært av forelesingar, samt at studentane organiserte sjølstyrte kollokvier. Omfang og hensikt med undervisningen: 12 dobbeltimar forelesingar, formidling av pensum og forståing.

Pensum:

To hovudbøker, tre utfyllande monografiar, resten artiklar.

Hensikten med sammensetning av pensum var å dekke dei ulike sidene i emnets tema, med varierande vanskegrad frå innføringsbøker til temaartiklar.

Pensum vurderes i hovudsak høvelig, sjøl om det er vanskelig å finne tilleggsstoff som både dekkar heile temaområdet og samtidig er høvelig vanskegrad for 100-nivå.

Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:

Gjennom evaluering (under)

Evaluering er gjennomført, men med få svar. Gjennomgåande god respons, ingen direkte påpeikingar av ting som bør utbedras.

Eksamensresultatene er om lag som forventa i snitt, kanskje meir ”gjennomsnittlig” enn venta (få A og F, mange i midten)

Mulig(e) årsak(er): Det er ei stor studentgruppe, og mange har nok ikke så omfattende bakgrunnskunnskap (mange ser t.d. ikke ut til å ha tatt grunnemnet i HIM først).

Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:

Ut frå ressursane til rådvelde, ser emnet ut til å ha fungert rimelig bra. Studentane sjølstyrte kollokvier ser ut til å ha fungert bra, med meir ressursar til lærarstyrte seminar hadde nok nivået der kunne hevas noko. Sidan dette er eit tema der empirien endrar seg fortløpande, vil vi kvart år måtte revurdere pensum for oppdatering. Eit problem i år var at ein artikkel (i bok) som var tilgjengelig som ebok (Ebrary) ved semesterstart, vart tatt ut av ebrary i løpet av semesteret, og studentane måtte derfor kjøpe boka på papir (Amazon). Det er eit mulig problem med elektronisk pensum.

Undervisningsfasiliteter:

Auditorium 4 Dragefjellet har ikkje den beste akustikken i verda, men det førte ikkje til tydelige problem.